



Innst. 366 S

(2011–2012)

Innstilling til Stortinget frå helse- og omsorgskomiteen

Prop. 124 S (2011–2012)

Innstilling frå helse- og omsorgskomiteen om endringar i statsbudsjettet for 2012 under Helse- og omsorgsdepartementet (som følgje av takstoppgjera for legar, psykologar og fysioterapeutar samt bruk av midlar til styrking av fastlegeordninga)

Til Stortinget

1. Takstoppgjera for legar, psykologar og fysioterapeutar

1.1 Samandrag

Helse- og omsorgsdepartementet gjer i proposisjonen framlegg om at departementet får fullmakt til å gjere endringar i folketrygdrefusjonar for legehjelp, psykologhjelp og fysioterapi frå 1. juli 2012 på grunnlag av eventuelle avtalar med Den norske legeforening, Norsk Psykologforening og Norsk Fysioterapeutforbund. Forhandlingane med desse organisasjonane var enno ikkje avslutta da proposisjonen vart lagt fram 25. mai 2012.

Regjeringa vil kome attende til Stortinget med framlegg om eventuelle løyvingsendringar.

1.2 Merknader frå komiteen

Komiteen, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Jorodd Asphjell, Thomas Breen, Are Helseth, Tove Karoline Knutsen, Sonja Mandt og Wenche Olsen, fra Fremskrittspartiet, Jon Jæger Gåsvatn, Kari Kjønås Kjos og Per Arne Olsen, fra Høyre, lederen Bent Høie, Sonja Irene Sjøli og Erna Solberg, fra Sosialistisk Venstreparti, Audun Lys-

bakken, fra Senterpartiet, Kjersti Toppe, og fra Kristelig Folkeparti, Laila Dåvøy, viser til proposisjonen og støtter at departementet får fullmakt til å gjere endringer i folketrygdrefusjoner for legehjelp, psykologhjelp og fysioterapi fra 1. juli 2012 på grunnlag av eventuelle avtaler med Den norske legeforening, Norsk Psykologforening og Norsk Fysioterapeutforbund.

Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet, Høyre og Kristelig Folkeparti viser til at innkjøpstakst for strømper i forbindelse med lymfeødem er overført fra HELFO til helseforetakene. Disse medlemmer mener at dette tilsier en egen takst for fysioterapeuter for måling og tilpasning av disse.

2. Revidert fastlegeforskrift

2.1 Samandrag

Det er avsett 50 mill. kroner i 2012 til å styrke fastlegeordninga.

Planlagt iverksetting av revidert fastlegeforskrift er sett til 1. januar 2013.

2.2 Merknader frå komiteen

Komiteen merker seg at planlagt iverksetningsdato for revidert fastlegeforskrift er satt til 1. januar 2013.

Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet, Høyre og Kristelig Folkeparti viser til at disse medlemmer har vært svært kritiske til forslaget til revidert fastlegeforskrift fra regjeringen, samt prosessen rundt utarbeidelsen av denne.

Komiteens medlemmer fra Høyre viser i denne sammenheng til Dokument 8:108 S (2011–2012) fra Høyre om å sikre kvalitet og tilgjengelighet i fastlege- og kommunehelsetjenesten.

3. Tilråding frå komiteen

Tilrådinga frå komiteen vert fremja av ein samrøystes komité.

Komiteen viser til proposisjonen og merkningane og rår Stortinget til å gjere følgjande

v e d t a k :

Stortinget samtykker i at Helse- og omsorgsdepartementet får fullmakt til å gjere endringar i løyvingane til trygderefusjonane for legehjelp, psykologhjelp og fysioterapi frå 1. juli 2012 på grunnlag av eventuelle avtalar med Den norske legeförening, Norsk Psykologforening og Norsk Fysioterapeutforbund frå same dato.

Oslo, i helse- og omsorgskomiteen, den 5. juni 2012

Bent Høie

leiar

Are Helseth

ordførar